

Sogn og Fjordane  
fylkeskommuneHordaland  
fylkeskommuneRogaland  
fylkeskommune

## **Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**

**Framdriftsplan til drøfting 27.05.2016:**

<b>Tema</b>	<b>Forhandling*</b>
1. Innleiing	
2. Mål for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane	27.05.2016
3. Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet	Veke 33
3.1    Regionen sitt namn og merke	Veke 33
3.2    Representantar i regjontinget	Veke 33
3.3    Regionen si inndeling i valkrinsar	Veke 33
3.4    Politisk styreform	Veke 33
3.5    Regjontinget sine samlingar og regionutvalet sine møte	Veke 33
3.6    Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	Veke 35
4. Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: leiing og arbeidsdeling	Veke 35
4.1    Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver	Veke 35
4.2    Organisering og leiing av nye regionale oppgåver	Veke 35
5. Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma	Veke 37
6. Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane	Veke 37
7. Samansetjing av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020	Veke 37
8. Val av nytt regjonting	Veke 37
9. Andre forhold	Veke 37

\*Forhandlinger omkring desse hovudpunktene i intensjonsplanen vert lagt til veke 33, 35 og 37. Rekkefølgja og forhandlingsframdrift vert drøfta nærmare under fellesmøtet mellom forhandlingsutvala 27.05.2016.

## **1. Innleiing**

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland tek sikte på å slå saman dei tre fylka frå 01.01.2020. Ved ei samanslåing vert dagens tre fylkeskommunar erstatta av ein ny region som dekker store deler av Vestlandet.

Det er dei tre fylkestinga som vedtek om fylka skal søkje Stortinget om å bli slegne saman. Ei eiga utgreiing om samanslåing, samt denne intensjonsplanen, vert send på ei brei offentleg høyring hausten 2016. I framkant av vedtaka, som må gjerast innan 01.12.2016, vil det også bli gjennomført ei innbyggjarhøyring i form av ei større opinionsundersøking i alle tre fylka.

## **2. Mål for samanslåing av dei tre fylka**

### Overordna mål (døme):

Etablere ein ny folkevald landsdelsregion på Vestlandet innan 2020.

### Hovudmål 1 (døme):

Ein Vestlandsregion skal forvalte sine samla ressursar betre enn dagens fylke gjer kvar for seg.

#### Delmål (må definerast/konkretiserast nærmare):

- Utnytte administrative ressursar meir effektivt.
- Sikre og vidareutvikle kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane.
- Forvalte menneskelege, økonomiske og natur- og miljøressursar på ein heilsakleg og framtidsretta måte.
- Samfunnsutviklarrolla inneber at vi ser samanhengar i heile regionen i plan- og utviklingsarbeidet som det regionale nivået gjennomfører.

### Hovudmål 2 (døme):

Gje ein Vestlandsregion større tyngde på den nasjonale arena, for å sikre ein større del av statlege ressursar, etableringar og prioriteringar.

#### Delmål (må definerast/konkretiserast nærmare):

- Vidareutvikle formelle og uformelle politiske og administrative kontaktnett.
- Kva for statlege ressursar, etableringar og sektorområde ønskjer vi ev. å peike på?

### Hovudmål 3 (døme):

Ein Vestlandsregion skal ta vare på, og sikre, utvikling av gode og levedyktige lokalsamfunn på heile Vestlandet.

#### Delmål (må definerast/konkretiserast nærmare):

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar arbeide for å oppretthalde busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv.

### Hovudmål 4 (døme):

Ein Vestlandsregion skal bidra til å styrke det regionale demokratiet.

#### Delmål (må definerast/konkretiserast nærmare):

- Sikre reell oppgåveoverføring frå nasjonalt til regionalt nivå.
- Parlamentarisme versus formannskapsmodell (vekta legge deltaking og involvering).
- Regionreform som funksjon av kommunereforma?

### **3. Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet**

#### **3.1 Kva skal vere regionen sitt namn og merke?**

**Aktuelle problemstillingar:**

- a) Er «Vestlandet» eit godt regionnamn, eller vil dette også dekke område utanfor dei tre fylka?
- b) Bør vi legge opp til at regionen nyttar eitt av dei tre fylka sine fylkesvåpen, eller bør vi i denne prosessen arbeide fram eit nytt, felles regionmerke/-våpen?

**Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet, og at den folkevalde eininga får nemninga Vestlandsregionen. Regionen tek \_\_\_\_\_ sitt fylkesmerke som merke.

#### **3.2 Kva skal vere talet på representantar i det nye regjontinget?**

**Aktuelle problemstillingar:**

- a) Kor mange representantar er det føremålstenleg å ha i det nye regjontinget?
- b) Korleis set vi saman det nye regionutvalet (dersom vi legg opp til formannskapsmodellen)?

**Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Fylkestinga går inn for at tal representantar i regjontinget blir \_\_\_\_\_.

#### **3.3 Korleis skal regionen delast i valkrinsar?**

**Aktuelle problemstillingar:**

- a) Korleis skal regionen delast inn i valkrinsar til regjontingsvala?
- b) Korleis vert representasjonen i regjontinget frå dagens tre fylke fordelt?
- c) Bør vi gå inn for å behalde dagens fylkesinndelte valkrinsar, eller bør vi gå inn for at den nye regionen frå 2025 skal utgjere ein samla valkrins til stortingsvala?

#### **3.4 Kva skal vere den politiske styringsforma for ein ny folkevald region?**

**Aktuelle problemstillingar:**

- a) Bør vi her gå inn for at den nye regionen nyttar *formannskapsmodellen* som styringsform, eller er det aktuelt å greie ut ein *parlamentarisk styringsmodell*?
- b) Korleis deler vi regjontinget inn i fagutval/fagkomitear?

#### **3.5 Regjontinget sine samlingar og regionutvalet sine møte**

**Aktuelle problemstillingar:**

- a) Korleis fordeler vi møtestader for regjontinget og dei ulike politiske utvala?
- b) Kan det vere eit utgangspunkt at tre av dei årlege regjontinga vert haldne i Stavanger, Bergen og Leikanger, medan andre tingsete vert haldne på ambulerande stader på Vestlandet.
- c) Kan ev. regionutvalet sine møte ambulere mellom Stavanger, Bergen og Leikanger?

3.6 Kva skal vere regionen sitt administrasjonssenter og kvar sit politisk leiing?

**Aktuelle problemstillingar:**

- Kva skal vere den nye folkevalde regionen sitt administrasjonssenter (hovudkontor)?
- Bør den politiske leiinga etablerast fast ein stad, eller kan ein her sjå føre seg at dette kan variere frå valperiode til valperiode?
- Er det aktuelt å fastsetje eit visst tal administrative arbeidsplassar (eller definere eit relativt styrkeforhold) i kvart av dagens tre fylke, til dømes for ein 10-årsperiode?

**Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt administrasjonssenter med rådmannsfunksjon vert lagt til \_\_\_\_\_.

Ordførarfunksjonen vert lagt til \_\_\_\_\_.

## 4. Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: leiing, organisering, arbeidsdeling

4.1 Korleis organiserer og leier vi eksisterande fylkeskommunale oppgåver i den nye regionen?

**Aktuelle problemstillingar:**

- Kva oppgåver skal førast vidare som eit regionalt folkevalt ansvar etter 2020 (oppgåveomtale)?
- Kva for oppgåver vert sterkare og betre samordna ved at det administrative ansvaret vert samla ved ei av dei administrative hovudeiningane (sentralisert administrasjon)?
- Kva for oppgåver treng vi framleis å administrere frå kvar av dei administrative hovudeiningane (desentralisert administrasjon)?

4.2 Korleis organiserer og leier vi nye oppgåver for det nye folkevalde regionnivået?

**Aktuelle problemstillingar:**

- Kva for oppgåver vert tilført det nye regionale folkevalde nivået frå 2020 (oppgåveomtale)?
- Kva for oppgåver samordnar vi ved at det administrative ansvaret vert samla ved ei av dei administrative hovudeiningane (sentralisert administrasjon)?
- Kva for oppgåver administrerer vi frå kvar av dei adm.einingane (desentr. administrasjon)?

## 5. Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma

**Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Dei tre fylka ønskjer at det framtidige regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar. Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklende arbeidsplassar.

Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering m.m., vil få tilbod om annan høveleg stilling etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverket.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 3 – tre – år frå samanslåingsdato.

Dersom lokalisering av administrative funksjonar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 3 – tre – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærmere drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

## **6. Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane**

Disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane skal disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i den nye regionen.

### **Aktuelle problemstillingar:**

- a) Vil det vere aktuelt å gjere unntak og t.d. reservere midlar til deler av den nye regionen?

## **7. Samansetting av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020**

### **Aktuelle problemstillingar:**

- a) Korleis handterer dei tre fylkestinga ein ev. overgangsperiode fram til dei nye regionale folkevalde regionane trer i kraft?
- b) Korleis legg vi opp prosessen rundt tilsettjing av rådmann/administrasjonssjef for den nye regionale folkevalde regionen?

### **Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Det vert oppnemnd ei fellesnemnd beståande av dei tre noverande fylkestinga.

Nemnda skal vere samansett av medlemene i fylkestinget i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Nemnda sine funksjonar skal baserast på Kommunelova sine bestemmelser for fylkesting så langt desse er dekkande, med formannskapsmodellen som ramme.

Det vert også oppnemnt eit arbeidsutval med totalt \_\_\_\_\_ medlemer, med leiar frå \_\_\_\_\_.

Nemnda får fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker og i saker som ikkje er av prinsipiell art. Vidare får nemnda fullmakt til å tilsetje rådmann/administrasjonssjef og revisor i den nye regionen.

## **8. Val av nytt regionting**

### **Døme på formulering i intensjonsplanen under dette punktet:**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort snarast råd etter 01.01.2020.

## 9. Andre forhold

### Aktuelle problemstillingar:

- a) Ligg det føre andre sentrale problemstillingar som har innverknad på regionreformprosessen – og som såleis bør drøftast i dei politiske styringsgruppene, i forhandlingsarbeidet og i utgreiinga?
- b)
- c)
- d)
- e)

Jenny Følling  
Fylkesordførar  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar  
Hordaland  
(sign.)

Solveig Ege Tengesdal  
Fylkesordførar  
Rogaland  
(sign.)

### Rettleiar for kommunar som vurderer samanslåing:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/komm/kommunereform.no/veien\\_mot\\_en\\_ny\\_kommune.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/komm/kommunereform.no/veien_mot_en_ny_kommune.pdf)

### Rettleiar for utarbeidning av intensjonsplan:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/KMD/KCOMM/kommunereform.no/Utarbeidelse\\_av\\_intensjonsplan.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/KMD/KCOMM/kommunereform.no/Utarbeidelse_av_intensjonsplan.pdf)